



Arkivnr: 2018/16480-143

Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		07.11.2019

Leve heile livet-konferansen i Bergen

Samandrag

Fylkesmannen i Vestland og regionalt støtteapparat for Leve heile livet-reforma inviterer til konferanse 03.12.19 på Scandic Flesland Airport hotell. Invitasjonen ligg vedlagt. Program og meir informasjon er tilgjengeleg på [fylkesmannen sine nettsider](#) (direktelenkje).

Sjølve konferanseprogrammet er gratis å delta på, men deltakarar må sjølve dekke utgifter til dagpakke og gjere dette opp med hotellet, samt ev. reise og overnatting. Av invitasjonen er det noko uklårt om dagpakke er obligatorisk, men Fylkesmannen opplyser at det er vanleg å ha dette. Prisen for dagpakke hos Scandic Flesland Airport hotell i Bergen er 590 kroner.

Påmeldingsfrist er 15. november.

Dersom det skal nyttast av fylkeseldrerådet sitt budsjett for å dekke deltaking på denne konferansen bør de fatte vedtak om kven som skal delta og kva kostnader dei skal få dekkja.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.